Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 08.10.2026

Vår ref: 2026/18004-1

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Statsbudsjettet for 2027 - kommuneopplegget

Regjeringa har presentert framlegget til statsbudsjett for 2027. Statsforvaltaren vil her gi eit samandrag av kommuneopplegget.

Det er ein pårekna vekst frå 2026 til 2027 i frie inntekter for kommunane samla i Vestland på 4,6 prosent. Pårekna vekst for kommunane samla i landet er 4,9 prosent. 11 kommunar i Vestland ligg likt eller over landsgjennomsnittet, medan 32 kommunar ligg under.

I brevet betyr «kommunane» primærkommunane utan at fylkeskommunane er med.

Vi tek i innleiinga med endringar i kommuneøkonomien for i år.

Det økonomiske opplegget for 2026
Dei pårekna skatteinntektene for kommunane i år er no reduserte frå kr 251 458 mill. i revidert nasjonalbudsjett til kr 249 000 mill., det vil seie om lag kr 2,5 mrd. lågare enn i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna skattevekst frå innkomen skatt i 2025 til i år blir med dette justert ned frå 6,3 prosent i revidert nasjonalbudsjett til 5,3 prosent no. Dette er skatt på formue og inntekt, medrekna naturressursskatt.

Kostnadsdeflatoren for kommunane var i revidert nasjonalbudsjett 4,1 prosent inklusiv pensjon. Pårekna lønsvekst inkl. pensjon var 3,6 prosent, og pårekna prisvekst varer og tenester var 4,9 prosent i revidert nasjonalbudsjett.

Den pårekna kostnadsveksten for i år er no justert ned frå 4,1 prosent til 4,0 prosent. Den består av:

lønsvekst inkl. pensjon	3,5	prosent	(vekt 0,59)
prisvekst kjøp av varer og tenester	4,8	prosent	(vekt 0,41)
Samla prisvekst	**4,0**	**prosent**	

Det blir på bakgrunn av dette rekna med lågare skatteinntekter enn pårekna i revidert nasjonalbudsjett tidlegare i år. På den andre sida er det rekna med noko lågare kostnadsvekst for

kommunane enn i revidert nasjonalbudsjett. Mindre kostnadsvekst utgjer likevel berre ein mindre del samanlikna med dei reduserte skatteinntektene.

Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2027
Det er rekna med ein skatteauke for kommunane frå 2026 til 2027 med 5,1 prosent, til samla skatteoverslag kr 261,8 mrd. i 2027. Dette er skatt på formue og inntekt, medrekna naturressursskatt. Skatteoverslaget for 2027 er basert på ein pårekna vekst i sysselsetjinga med 0,3 prosent, og ein pårekna årslønsvekst på 4,0 prosent frå 2026 til 2027.

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir justert frå 11,35 prosent i 2026 til 13,40 prosent i 2027. Bakgrunn for fastsetjing av skatteøyret er at skattedelen av kommunane sine samla inntekter framleis skal vere om lag 40 prosent også for 2027.

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane - kommunal deflator - er i framlegget 3,8 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerkte tilskot i statsbudsjettet. Kostnadsdeflatoren består av:

lønsvekst inkl. pensjon	4,5	prosent	(vekt 0,59)
prisvekst kjøp av varer og tenester	2,9	prosent	(vekt 0,41)
Samla prisvekst	**3,8**	**prosent**	

Frå og med 2026 har meirkostnader til pensjon inngått i kostnadsdeflatoren.

<u>Samla vekst i frie inntekter</u>
Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunesektoren frå 2026 til 2027 på kr 3,2 mrd. Av dette er kommunane sin del rekna til kr 2,6 mrd. Veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i vedteke revidert nasjonalbudsjett.

Veksten i dei frie inntektene er realauke slik at priskompensasjonen frå 2026 til 2027 vil kome som eit tillegg.

Veksten i frie inntekter må dekke auka kostnader som følgje av befolkningsutviklinga. Pårekna meirkostnader demografi i 2027 er rekna til kr 2,7 mrd. for kommunesektoren, av dette kr 2,2 mrd. for kommunane. Dette er den delen av meirkostnadene som må bli dekte av veksten i dei frie inntektene.

Auka handlingsrom utover meirkostnader til demografi, kan difor for 2027 reknast til kr 0,5 mrd. for heile kommunesektoren. Av dette kan kommunane sin del reknast til kr 0,4 mrd. I dette beløpet for kommunane er kr 80 mill. grunngitt med opptrappingsplanen for psykisk helse.

Kr 1,5 mrd. av veksten i dei frie inntektene frå 2024 til 2025 vart gitt med ei særskilt fordeling etter inntektsnivå (i 2023). Denne fordelinga blir vidareført som særskilt fordeling i 2027, oppdatert på grunnlag av nye inntektstal frå 2025 og tillagt priskompensasjon. Fordelinga blir gitt slik at kommunar med låge inntekter i 2025 får ein større del av inntektene per innbyggjar. Den samla ramma for 2027 er kr 1,61 mrd.

Særskilt tapskompensasjon, kr 151,5 mill., for kommunar som tapte på endringar i inntektssystemet i 2025, blir vidareført som særskilt fordeling i 2027 med same nominelle beløp. Ordninga omfattar kommunar som har inntekter frå skatt og naturressursar under 105 prosent av landsgjennomsnittet.

Ordninga vil bli vidareført på same årlege nivå til neste revisjon av inntektssystemet. Ramma er nominelt uendra frå 2026 til 2027, kr 151,5 mill.

Frie inntekter – skatt og rammeoverføring – for kvar kommune
Vedlagt tabell syner rammeoverføring og pårekna frie inntekter for 2027. Pårekna skatt og inntekts-utjamning i tabellen byggjer på kommunane sin faktiske skatteinngang i 2025. Dette grunnlaget er justert opp med pårekna skattevekst i prosent for 2026 og 2027. Det er uvisse til denne fram-skrivinga av skatteoverslag.

Veksten i frie inntekter vil variere mellom kommunane. Årsaker er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt:

- omlegging av inntektssystemet frå 2024 til 2025 kan gi verknader også i 2027 som følgje av overgangs-ordninga INGAR
- endringar i folketalet og alderssamansetjing
- endring i andre kriteriedata
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot eller småkommunetillegg i inntektssystemet frå 2024 til 2025 kan gi verknader også i 2027 som følgje av overgangsordninga INGAR
- endringar i skattegrunnlaget

Priskompensasjon frå 2026 til 2027 er innarbeidd i oversynet over dei frie inntektene i vedlagt tabell.

Vekst i dei frie inntektene frå 2026 til 2027 i vedlegget er frå det inntektsnivået som vi no reknar med for heile 2026. Det er rekna med ein nominell vekst i kommunane i landet sine samla frie inntekter frå 2026 til 2027 på 4,9 prosent. Den pårekna veksten for kommunane samla i Vestland er 4,6 prosent. Nominell vekst i frie inntekter må sjåast i samanheng med at pårekna prisvekst for kommunesektoren er 3,8 prosent for 2027.

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne saman-hengen. Utrekna prosentvekst i dei frie inntektene blir korrigerte for dette i vedlagt tabell, slik at det ikkje inngår i prosentveksten. I utrekning av prosentvekst blir det også korrigert for innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet.

Særskilte saker

Oppgåveendringar - endringar i rammetilskot
Det er lagt opp til fleire oppgåveendringar som gir endringar i rammetilskotet frå 2026 til 2027, blant anna:

- Som følgje av auke i talet på elevar i statlege og private skular blir rammetilskotet til kommunane redusert med kr 112,3 mill.
- Maksimal foreldrebetaling barnehagar i 2027 blir vidareført på same nominelle nivå som i 2026. Som kompensasjon for inntektstap blir rammetilskotet auka med kr 106,8 mill.
- Kunnskapsdepartementet sender på høyring framlegg om å oppheve plikt til å tilby leksehjelp på 1. – 4. trinn i grunnskulen, med verknad frå hausten 2027. Som følgje av dette blir rammetilskotet til kommunane redusert med kr 350 mill. Dette er berekna kostnad av plikta for hausten 2027.
- Det er for 2026 lagt opp til at kommunane blir kompenserte for meirkostnad i eit halvår av auka basistilskot til fastlegar, kr 149 mill. - verknad frå 1. juli 2026. For 2027 blir kommunane

kompensert for heilårsverknaden, det vil seie for eit halvt år i tillegg (kr 154,7 mill. = kr 149 mill. * 1,038). Kompensasjon for heile året 2027 blir kr 309, 3 mill. (kr 154,7 mill. * 2).

- Regjeringa gjer framlegg om å etablere ei ny tilskotsordning for frivillige kommune-samanslåingar. Utgiftene til ordninga blir finansierte innafor den samla kommuneramma i 2027. Rammetilskotet blir difor redusert med kr 70 mill. for å finansiere tilskotsordninga.

Tilskot til smågruppeundervisning

Regjeringa gjer framlegg om å innføre eit nytt øyremerkt tilskot til smågruppeundervisning (kapittel 226, post 60 - Kunnskapsdepartementet). Tilskotsordninga skal bidra til at fleire elevar får meir opp-læring i lesing, skriving og rekning i mindre grupper.

Det blir teke sikte på å innlemme tilskotet i rammetilskotet til kommunane frå år 2030. Tilskotet skal nyttast til å gi tettare oppfølging i lesing, skriving og rekning for elevane. Tilskotet skal bidra til at skulane i større grad nyttar smågruppeundervisning i opplæringa.

Det er framlegg om ei løyving på kr 465,4 mill. til det nye øyremerkte tilskotet for 2027. Ordninga skal starte frå skuleåret 2027 - 2028.

Tilskot per grunnskule

Frå 2022 er det gitt eit tilskot per kommunal grunnskule. Tilskotet er gitt med ei særskilt fordeling i rammetilskotet, basert på talet for grunnskular og finansiert med eit likt beløp per innbyggjar innafor innbyggjartilskotet til kommunane.

Tilskotet er vidareført i framlegget for 2027, kr 1439 mill. samla for kommunane i landet. Tilskotet inngår i beløpa for sum rammetilskot i vedlagt tabell. Tilskotssats blir prisjustert (3,8 prosent) til kr 605 397,- per grunnskule i 2027.

Helsestasjon og skulehelseteneste

Den delen av rammetilskotet som er grunngitt med satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2026 til 2027 som særskilt fordeling, med priskompensasjonen. Samla ramme for landet er kr 1196,6 mill. i 2027. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0–19 år, med eit minstenivå på kr 100 000,- per kommune.

Ressurskrevjande tenester – toppfinansieringsordninga

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2027 blir på grunnlag av direkte lønsutgifter i 2026 til tenestene:

Inntekter for einskiltmottakarar skal trekkjast frå ved berekning av netto lønsutgifter. Det gjeld eigenbetalingar, øyremerkte tilskot og korrigert verdi av «PU-kriteriet» i inntektssystemet. I samband med endringane i inntekts-systemet for 2025 fekk kriteriet i utgiftsutjamninga for menneske med psykisk utviklingshemming lågare vekt. Dette gav omfordelingsverknader mellom kommunane. Halvparten av verknadene som følgje av endringar i verdien til PU-kriteriet frå 2024 til 2025 blir difor tilbakeført i rammetilskotet som særskilt fordeling for å dempe omfordelingsverknadene. Den korrigerte verdien av «PU-kriteriet» skal trekkjast frå ved utmåling av netto lønsutgifter.

Innslagspunktet for utbetalt kompensasjon i 2027, på grunnlag av netto utgifter i 2026, blir auka frå kr 1 921 000,- til kr 2 042 000,- per tenestemottakar. I dette inngår pårekna lønsvekst i 2026 med 5,1 prosent inkludert pensjon, og i tillegg kr 23 000,- utover lønsvekst som ei innstramming i ordninga. ((1 921 000,- * 1,051) + 23 000,- = 2 042 000,-).

Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2027, skal kommunane inntektsføre i sine rekneskap for 2026. Kommunane skal inntektsføre den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.

Berekningsmodell er endra frå og med 2025. Eigendelane er framleis 20 prosent over innslagspunktet på landsbasis for utbetalt kompensasjon i 2027, men varierer i den nye modellen mellom kommunane.

I den nye berekningsmodellen er det to eigendelar:

1. Det blir først berekna ein eigendel over innslagspunktet som er lik per innbyggjar for alle kommunane i landet. Eigendel per innbyggjar blir multiplisert med innbyggjartalet i kommunen for å finne summen for den første eigendelen i kommunen.

2. Den andre eigendelen vil vere 10 prosent av netto utgiftene over innslagspunktet etter at den første eigendelen er trekt frå.

Ressurskrevjande tenester i mindre kommunar - tilleggskompensasjon
Ordninga med tilleggskompensasjon for mindre kommunar med høge utgifter til ressurskrevjande tenester, målt per innbyggjar, blir vidareført i 2027. Kompensasjonen kjem i tillegg til det ordinære toppfinansieringstilskotet for ressurskrevjande tenester. Ordninga omfattar kommunar som:

- har mindre enn 3200 innbyggjarar
- har høge utgifter til ressurskrevjande tenester målt per innbyggjar
- har gjennomsnittlege skatteinntekter dei siste tre åra som er lågare enn 120 prosent av lands-gjennomsnittet (berre ordinær skatt blir rekna med - ikkje eigedomsskatt m.m.)
- teljetidspunktet for ordninga i 2027 er innbyggjartal per 1. juli 2026
- kompensasjon med 80 prosent av netto utgiftene over ein terskelverdi per innbyggjar

Det er framlegg om å auke ramma for tilleggskompensasjon frå kr 95,9 mill. i 2026 til kr 99,7 mill. i 2027, medrekna priskompensasjon.

<u>Heildøgns omsorgsplassar - investeringstilskot</u>
Regjeringa gjer framlegg om ei tilsegnsramme i 2027 på kr 4064 mill. i investeringstilskot. Ramma for tilsegn i 2026 er kr 3365 mill. Tilsegnsramma for 2027 skal leggje til rette for om lag 1750 heildøgns omsorgsplassar.

<u>Kompensasjon for endringar i regelverket for eigedomsskatt</u>
Kommunane er delvis kompenserte for reduserte eigedomsskatteinntekter (utover eigendel per innbyggjar) som følge av bortfall eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar. Kompensasjon er gitt som særskilt fordeling i inntektssystemet. Kompensasjonen er vidareført i 2027 med same nominelle ramme som i 2025 og 2026, det vil seie til saman kr 300 mill. på lands-basis.

Kompensasjon er i Vestland gitt til kommunane: Alver, Øygarden, Austrheim, Gulen, Høyanger og Årdal. Beløpa er vist i vedlegg.

Inntektssystemet i 2027
Inntektssystemet vil i 2027 bli vidareført slik ordningane vart vedteke for 2025, men oppdatert med nytt talgrunnlag. Den kommunale formuesskatten vart redusert med ¼-del i 2025, og ytterlegare

redusert med ¼-del i 2026. Mindre kommunal formuesskatt er erstatta av høgare inntektsskatt for kommunane samla, men gir fordelingsverknader mellom kommunane.

Inntektsutjamning
Den symmetriske inntektsutjamninga i prosent (kompensasjon/trekk) er blitt auka gradvis over to år, frå 60 prosent til 64 prosent no i år. Inntektsutjamninga blir vidaført med 64 prosent i 2027. Tilleggskompensasjonen - for kommunar med lågt skattenivå - blir vidaført med 35 prosent av det skattenivået i kommunen er under 90 prosent av landsgjennomsnittet.

Utgiftsutjamning
Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane få full kompensasjon for skilnader i kostnader som dei ikkje sjølve kan påverka. Grunnlaget for omfordelinga i utgiftsutjamninga er utgiftsbehovet per innbyggjar for landsgjennomsnittet og for den einskilde kommune.

Utgiftsutjamninga og kostnadsnøklane blir oppdaterte med jamne mellomrom på grunnlag av faglege analysar og den faktiske utviklinga i kommunane sine utgifter.

Grunnlaget for berekning av utgiftsutjamninga for 2027 blir rekneskapstal for 2025, framskrive til 2027 med å legge til pårekna prosentvekst i frie inntekter.

Frå og med 2025 er det på nytt innført eit like stort basistilskot per kommune (ikkje lenger gradering etter reiseavstand). Det utløyser i 2026 kr 26,5 mill. per kommune.

Overgangsordninga INGAR
Overgangsordninga INGAR gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet med meir negativt avvik enn eit fastsett beløp per innbyggjar (grenseverdien) frå landsgjennomsnittet, frå eitt år til det neste. Grenseverdien for kompensasjon er no kr 400,- per innbyggjar. Det vil difor vere den delen av utviklinga i rammetilskot frå det eine året til det neste året som er meir enn kr 400,- per innbyggjar svakare enn landsgjennomsnittet, som blir kompensert gjennom ordninga.

INGAR tek ikkje omsyn til endring i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjønstilskot. Endringar i tilskot i særskilt fordeling blir i hovudsak heller ikkje tekne omsyn til i overgangsordninga INGAR. INGAR tek omsyn til andre endringar i inntektssystemet, t.d. endringar i kriteriegrunnlaget (t.d. talet på eldre og talet på menneske med psykisk utviklingshemming), endring i småkommunetillegg og distriktstilskot.

Teljetidspunkt
For 2027 er folketal per 1. juli 2026 grunnlaget for innbyggjartilskotet (medrekna overgangsordninga INGAR) og for utgiftsutjamninga, med fordelinga på aldersgrupper. Andre kriteriedata i utgiftsutjamninga for 2027 er per 1. januar 2026. For folketal i inntektsutjamninga 2027 er det teljedato 1. januar i sjølve budsjettåret 2027.

Veksttilskot
Veksttilskotet blir gitt til kommunar som har hatt ein gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst dei siste tre åra høgare enn ei vekstgrense i prosent. For 2027 er vekstgrensa 1,4 prosent. Skatteinntektene må vere under 140 prosent av landsgjennomsnittet for å oppnå tilskot. Veksttilskot er vist i kolonne i vedlegg.

Veksttilskotet blir gitt med eit fastsett beløp per innbyggjar utover vekstgrensa. Denne tilskotssatsen er i 2027 kr 25 101,-. Satsen er prisjustert frå 2026 til 2027 (3,8 prosent).

Regionalpolitiske tilskot
Den øvre inntektsgrensa for å kunne få distriktstilskot er no 140 prosent av landsgjennomsnittet. Inntektene som i sum må vere under denne grensa er personskatt, naturressursskatt, eigedomsskatt på kraft- og petroleumsanlegg, netto konsesjonskraftinntekter, havbruksinntekter og produksjonsavgift på vindkraft. Det blir rekna eit gjennomsnitt for inntektene dei siste fire åra.

Distriktstilskot for kommunar med 3200 og fleire innbyggjarar blir gitt med ein sats per kommune og ein sats per innbyggjar. Jo høgare distriktsindeksen er, jo lågare blir tilskotet. Kommunar med distriktsindeks over 58 får ikkje distriktstilskot.

Berekningsgrunnlaget for å få småkommunetillegget er det same som for det ordinære distriktstilskotet, men omfattar kommunar under 3200 innbyggjarar. Høgare distriktsindeks gir mindre tilskot. Kommunar med indeks i det lågaste intervallet (indeks 0 - 45) får fullt tilskot. Kommunar som har indeks over 58, får halvdelen av fullt tilskot.

Inndelingstilskot
Samanslåingskommunar får eit årleg inndelingstilskot. Tilskotet er gitt årleg frå og med år 2020 for ein periode på femten år og blir deretter trappa ned over fem år. Inndelingstilskotet blir tillagt priskompensasjon kvart år. Tilskotet erstattar bortfall av basistilskot og eventuelt bortfall av småkommunetilskot/reduksjon distriktstilskot som følgje av samanslåinga.

Beløp er vist i vedlegget for samanslåingskommunane.

Skjønstilskot
Basisramma for skjønstilskot til kommunane i landet er vidareført nominelt uendra frå 2026 til 2027, med kr 830 mill. Ramma for fylket er likevel redusert frå kr 123,4 mill. i 2026 til kr 112,95 mill. i 2027, det vil seie ein reduksjon på kr 10,45 mill. Vestland si ramme er redusert vesentleg i to-års perioden 2026 og 2027. Det skuldast at basisramma er om fordelt i dei to åra mellom embeta, på grunnlag av talet på kommunar og innbyggjartal. Reduksjon i ramma for fylket, gjer at ein stor del av kommunane i Vestland har fått mindre skjønsmidlar i denne perioden.

Vi har på denne bakgrunn redusert ramma til prosjektskjøn noko for 2027, slik at reduksjonen i ordinære skjønsmidlar blir noko dempa.

Ein del av skjønsramma for 2027 vil først bli fordelt mellom kommunar i løpet av sjølve budsjettåret. Vi har delt skjønsmidlane mellom ordinært skjøn no i statsbudsjettet (kr 90,5 mill.), fornyings- og innovasjonsprosjekt (kr 10,85 mill.) og til fordeling elles i budsjettåret (kr 11,6 mill.). Den sistnemnde delen av skjønsmidlane er i reserve til uventa utgifter som kan kome i året, t.d. som følgje av naturhendingar.

Fordelinga av ordinært skjønstilskot for 2027 i statsbudsjettet er vist i eigen kolonne i vedlagt tabell. Vi viser til nettsida vår der det blir lagt ut meir informasjon om fordelinga av skjønstilskot mellom kommunane.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
assisterande statsforvaltar

Synnøve Stalheim
direktør

Dersom det er spørsmål til innhaldet i brevet, kan kommunane ta kontakt med Håvard Rød (55572143), Marit Lunde (57643005) eller Edvard Høgestøl (55572045) hjå Statsforvaltaren.

Vi ber om å få spørsmål om inntektssystemet på e-post.

Vedlegg
Tabell frie inntekter 2027